

DET KONGELIGE MILJØVERNDEPARTEMENTET
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.:
2002-458-1 K/Thg/tla

Vår ref.:
60/


Molde, 04.07.2002

NOU 2002:1 FORTID FORMER FRAMTID, HØYRING

Fylkesutvalet gjorde i møte 01.07.02 i sak U-84/02 A følgjande samrøystes vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er viktig å behalde Kultur-minnelova som særlov og å utvikle Plan- og bygningslova i høve til vern av kulturminne.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er viktig å auke ressursane innan kulturminnevernet med bemanning både på regionalt og lokalt nivå og til tilskot.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det må leggjast auka vekt på formidling av kulturminne.

Ole Eimund Øverland


Arvid Blindheim

Vedlegg: Saksutgreiing



SAKSFRAMLEGG

Kulturavdelinga

Vår ref.:
60

Molde, 05.06.2002

Til kulturutvalet

Ku - 30/02 A

NOU 2002 FORTID FORMER FRAMTID. HØYRING

Innleiing

Utgangspunktet for at det blei sett i i gang arbeid med ein ny NOU om kulturminnepolitikk var at det i fleire år har vore diskusjon og misnøye med kulturminnelova på ein del område. Mange har meint at lovverket ikkje har vore godt nok for å ta vare på kulturarven for kommande generasjonar. I 1999 blei derfor kulturminneutvalet oppnemnt for å utgreie mål, strategiar og verkemidlar i kulturminnepolitikken. Vi viser til samandraget frå NOU 2001:1 som er lagt ved og til kopi av brev frå miljøverndepartementet i samband med høyringa for meir informasjon.

Vi vil spesielt framheve tre tema i utgreiinga som vi meiner er grunnleggande for å få ei god forvalting av kulturminnevernet. Desse omfattar: Kulturminnelova/Plan- og bygningslova, formidling/utgreiingsarbeid og ressursar/bemanning/økonomi. Utover dette har vi kommentert nokre sentrale punkt i dei ulike kapitla i utgreiinga.

Lovverka

Mange har sakna ein meir heilskapeleg forvalting og samkøyring med miljøvernsektoren, landbruk m.m. Det er i NOU:2002:1 diskutert om vi framleis treng ei kulturminnelov eller om det ville vere

betre å inkorporere kulturminnelova sine føresegner i plan- og bygningslova. Utgreiinga slår fast at utvalet går inn for at kulturminnelova framleis skal vere ei særlov. Dette synet støtter vi. Det må likevel presiserast at plan- og bygningslova er eit svært viktig reiskap i forvaltninga av kulturminne, særleg lokalt og kommunalt er det viktig å vidareutvikle dette lovverket med tanke på å betre kulturminneforvaltninga i arealplansaker og bygningsvernsaker. Dei to typar lovverk vil på ein god måte kunne komplettere kvarandre, mellom anna ved å ivareta kulturminne på to ulike nivå når det gjeld verneverdi, og ved å operere med ulike juridiske og planmessige virkemiddel.

Målet med ei justering/endring av kulturminnelova bør primært vere at lova vert meir formålstenleg for forvaltninga av kulturminnevernet. Vi vil derfor tilrå justeringar og presiseringar som om mogleg gjer lova meir eksakt og praktisk brukbar ovanfor ikkje freda kulturminne. Dersom lova, som foreslått, skal bli meir formålstenleg for næringslivet, må dette underordnast omsynet til eit godt fungerande kulturminnevern totalt sett.

Vidare er det i utgreiinga lagt vekt på at kulturminnepolitikken bør utøvast i nært samarbeid med offentlege mynde og private interesser. Vi oppfattar at dette inneber ein tendens til å privatisere forvaltninga av kulturminna, noko som vi er skeptiske til.

Formidling/utgreiingsarbeid

Utgreiinga legg stor vekt på behov for formidling av kulturminne og popularisering av resultatet av dokumentasjon, registreringar og utgravingar. Utvalet anbefaler også at gjenstandsmateriale og resultat blir gjort tilgjengeleg for publikum gjennom utstillingar på lokalt og regionalt nivå. Dette ser vi på som svært positive tiltak som vil vere med å auke både interessa og respekten for vår kulturarv. Her vil vi påpeike at den angstrengte bemanningssituasjonen innanfor den regionale kulturminneforvaltninga er ein vesentleg grunn til den ofte mangelfulle formidlinga vi har i dag. Vi støttar derfor utvalets anbefaling om at formidling må inn som ei plikt i loven. Formidling må også bli eit av dei sentrale elementa i kommunesatsinga. Samarbeidet mellom kommunane og det regionale forvaltningsleddet vil her vere viktig. Det er også viktig at det blir tilført ressursar slik at ein har høve til eit utvida samarbeid mellom den regionale forvaltninga og dei lokale musea.

Vi stiller oss bak forslaget om at formidling av kulturhistoriske verdiar må sterkare inn i prosessane rundt freding. Kulturhistorisk formidling av vedtaksfreda bygningar vil skape større forståing blant meinigmann for bruk av offentlege midlar til freding av privateigde kulturminne.

Utgreiinga peiker på at den offentlege kulturminneforvaltninga, både sentralt og regionalt, må bli tilført midlar for å kunne kjøpe forskings- og utgreiingsoppdrag ved ulike institusjonar. Vi er samd i dette, men meiner også at ein ved den regionale forvaltningsnivået i større grad sjølv bør få høve til å gjennomføre slikt utgreiingsarbeid. Kulturminneforvaltninga på regio-

nalt nivå sitt inne med eit enormt stort registreringsmateriale både i forhold til verneverdige bygg/kulturmiljø og automatisk freda kulturminne som i liten grad er kjent ved dei større nasjonale institusjonane. Dette materiale bør systematiserast og evaluerast på ein slik måte at det blir tilgjengeleg for offentlege forvaltning, større forskingsinstitusjonar og vanleg publikum gjennom popularisering av stoffet. Det siste vil kanskje vere særleg viktig i forhold til rettleiingsmateriale, skuleverket og turistnæringa.

Ressursar/økonomi/bemanning

Utvalet peiker på den angstrengte bemanningssituasjonen innanfor den regionale kulturminneforvaltninga og konkluderer med at det her er stort behov for fleire folk. Fleirtalet anbefaler derfor at kulturminneforvaltninga både i fylkeskommunane og i Sametinget blir vesentleg styrka. Vi er samd i at det er svært viktig å få til ein slik styrking. Dette er særleg viktig sett i forhold til det store talet på plansaker der det er behov for arkeologisk registrering og den ofte mangelfulle formidlinga ein har høve til å gjennomføre. Det at det offentlege går inn og tek større økonomisk ansvar vil også gjere det gunstigare for utbyggarane rundt omkring i kommunane.

Det er eit motsettingsforhold mellom bevaring og utvikling av kulturminne. Det er viktig at konflikten vert handsama i vidare utgreiingsarbeid og at tolegrensa vert definert.

Ein betre dispensasjonspolitikk (Kap. 3, 10)

I utgreiinga er det signalisert at det er behov for ein tydlegare og meir forutsigbar dispensasjonspolitikk. I denne samanheng blir det peika på at ikkje alle automatisk freda kulturminne kan vere like verdifulle og at det skal bli lettare å gje dispensasjon. Vi er einige i at ikkje alle automatisk freda kulturminne er like verdifulle og at kulturminnevernet må bli flinkare til å differensiere og prioritere. Det bør likevel ikkje

vere ein generell regel at det skal bli lettare å få dispensasjon. Også i dag er det i svært mange høve lett å få dispensasjon. Dersom det skal bli lettare å få dispensasjon må dette klart knytast opp mot automatisk freda kulturminne av mindre verneverdi. Vi er samd i at dispensasjon ikkje alltid må skje på vilkår av at kulturminnet blir utgravd på tiltakshavar si rekning. Her er vi også av den klåre oppfatning at det regionale forvaltningsleddet i mange tilfelle bør gjennomføre noko meir omfattande registrering enn det som kanskje er vanleg, slik at ein lettare kan dispensere utan vilkår for utgraving. Dersom staten tar større økonomisk ansvar for registreringane og at høve til å få dekkja utgiftene ved mindre private tiltak blir betre, slik utvalet går inn for, kan kostnadene for tiltakshavar i mange tilfelle reduserast ganske mykje.

Det er forslag om at den geografiske ansvarsfordelinga mellom musea (og NINA-NIKU) blir meir fleksibel når det gjeld arkeologiske utgravningar. Dette er etter vår meining lite gunstig. Dei musea som i dag har ansvar for sitt klart definerte området har også den beste kunnskapen om kulturminna som ligg der. Dei bør derfor også utføre utgravingane. Ei oppmjuking av grensene vil truleg også gjere sakshandsaminga vanskelegare og meir tidkrevjande for det regionale forvaltningsnivået. Vi meiner heller at det regionale forvaltningsleddet sjølv bør få høve til å utføre utgravningar, særleg ved mindre tiltak. Dette vil også gjere ei utbygging langt meir gunstig for tiltakshavar sett ut frå eit tidsmessig og økonomisk perspektiv.

Eigarar og rettshavarar (Kap. 5)

Vi ser positivt på anbefalinga om større likeverd mellom eigarane sine rettar og pliktar og den offentlege kulturminneforvaltninga sitt ansvar og myndigheit. Eit større likeverd vil gjere at eigarane lettare tar eit større ansvar for bevaring av kulturminnet gjennom dagleg bruk, vedlikehald og skjøtsel.

Det er positivt at utvalet anbefalar at prinsippet om at staten skal dekkje alle meirkostnader eigarane får på grunn av at arbeidet skal gjerast etter antikvariske retningslinjer også gjeld istandsetting og vedlikehald.

Vi vil fråråde anbefalinga om at det skal opnast for å gje tilskot til fordyrande tiltak som følgje av fordyrande vilkår for nybygg innanfor freda kulturmiljø. Slike nybygg vil som regel vere i strid med intensjonane bak miljøfredinga.

Vi er ikkje usamde i at dei frivillige organisasjonar og kommunen vert tatt med på høyring før det vert gjort vedtak om freding. Etter vår vurdering bør kommunen som samordnande instans, ileggjast større vekt enn frivillige institusjonar. Vi finn det imidlertid mindre formålstenleg å dra kommunen inn i sakshandsaminga etter at fredingsvedtak er gjort (til dømes ved vurdering av planar for vedlikehald og istandsetting).

Mykje skade kan imidlertid påførast eit freda kulturminne gjennom "gal" type vedlikehald. Vi vil difor sterkt tilrå at kulturminnelova sin paragraf om godkjenning av arbeider på vedtaksfreda kulturminne vert utvida til også å omfatte vedlikehald.

Vi vil sterkt presisere at det er viktig at forvaltning, drift og vedlikehald av kulturminne og kulturmiljø i større grad enn i dag må bli ein fast og sjølvstøtt del av alle statlege instansar sine planar og budsjett.

Frivillig arbeid (Kap. 6)

Kunnskap om forvaltning av kulturminna ligg i den regionale og statlege forvaltninga. Forvaltninga er såleis ein kunnskapsbank og bør ha nok ressursar til å drive informasjon til m.a. frivillige organisasjonar. Den lokale historia rundt kulturminna ligg i lokalsamfunnet og hos dei frivillige organisasjonane. Det er viktig at dei frivillige organisasjonane søker kunnskap frå den offentlege forvaltninga.

Musea i kulturminnearbeidet (Kap.7)

Det er viktig at musea får bevare si "frie" stilling. Musea bør derfor ikkje tilleggast forvaltningsoppgåver etter Kml eller Pbl. Det er spesielt innanfor handverk og formidling at musea har ei viktig rolle. Musea bør byggje ut sine stabar av handverkarar og selje "kvalitetssikra" tenester til marknaden utanfor musea.

Juridiske virkemiddel (Kap. 8)

Det er føreslått at det skal kunne gis dispensasjon frå freding i samband med vedtak av arealplan, uavhengig av om kulturminnet er automatisk freda, vedtaksfreda eller elles verna gjennom kulturminnelova. Vi vil gjere merksam på at kulturminnelova allereie gjev høve til å dispensere frå fredinga for tiltak som medfører mindre vesentlege endringar (det vil seie endringar som ikkje er i strid med fredinga sine intensjonar). Moglegheiter for dispensasjon utover dette vil i uheldig grad uthole fredinga som vernefagleg virkemiddel

Det er viktig at det vert opna for at Plan- og bygningslova også kan nyttast til å regulere interiør (§25 nr.6)

Styrking av dei økonomiske virkemidla (Kapittel 9)

For å få betre bruk av tilskotsmidla anbefaler utvalet at det vert utarbeidd kriterie for kva kulturminne som skal bevarast. Det er viktig at desse kriteria vert utarbeidd i nært samarbeid med distriktsapparatet slik at dei kan ta opp i seg lokale/høve og variasjonar.

Det er viktig at den anbefalte auken av tilskot til freda kulturminner og kulturmiljø vert utvida til også å kunne dekkje meirutgifter ved istandsetting og vedlikehald etter antikvariske retningslinjer.

Det føreslåtte kulturminnefondet vil kunne bli den viktigaste tilskotskjelda for dei ikkje freda kulturminna. For å sikre ein god effekt av kulturminnefondet for kulturminnevernet er det avgjerande viktig at tildeling av midlane skjer under medverknad frå den regionale kulturminneforvaltinga. Det

må vere ein føresetnad at restaureringsarbeida må utførast etter antikvariske retningslinjer utarbeidd av den regionale kulturminneforvaltinga, og at denne får tilstrekkelege ressursar til å kunne engasjere seg i dette arbeidet med kulturminnefondet.

Vi vil samstundes presisere at oppretting av kulturminnefondet ikkje må gå kome i staden for naudsynt stor auke i økonomiske midlar til freda bygg og anlegg.

Vi er positive til forslaget om øymerkestatlege midlar som kommunane skal nytte til ulike tiltak innanfor bevaringsregulerte område etter Plan- og bygningslova.

Vi stiller oss tvilande til om den anbefalte skattelette for verneverdige bygningar vil komme kulturminnevernet til gode. I praksis vil det vere særskilt vanskeleg/umogleg for kulturminneforvaltinga å legge dei naudsynte detaljerte vernefaglege føringar for slik skattelette. Det er og stor fare for at slik skattelette vil gå ut over naudsynt auke av dei tilskotsordningane som kulturminneforvaltinga sjølv formidlar (har hand om). Vi støtter utvalet si anbefaling om at det i meirverdiavgiftslova blir tatt inn ei føresegn som unntar arkeologiske undersøkingar og utgravingar frå meirverdiavgift

Organisering av kulturminneforvaltinga (Kap. 10)

Vi er positive til anbefalinga om å overføre ein del oppgåver i kulturminnevernet til kommunane. Etter vår vurdering vil dette også krevje vidare oppfølging og støtte frå den regionale kulturminneforvaltinga. Det må vere ein føresetnad at den regionale kulturminneforvaltinga vert tilført nok ressursar til å kunne utføre denne nye støttefunksjonen. Etter vår vurdering bør kommunen sin funksjon i kulturminnevernet, avgrensast til å omfatte auka engasjement i dei delar av kulturminnevernet der dei i følge plan- og bygningslova allereie har delansvar (det allmene kulturminnevernet, regulering til spesialområde med meir).

Det er viktig at anbefalinga om å reindyrke Riksantikvaren si direktoratrolle vert tatt til følge. Ein bør her leggje spesiell vekt på den regionale kulturminneforvaltinga sine behov for vernefagleg støtte. Ein bør i så måte leggje vekt på følgjande funksjonar: vernefagleg spisskompetanse og – rådgi- vande funksjon ovanfor den regionale kul- turminneforvaltinga i sakshandsaminga. Det er her også viktig med grensedraging i høve til Riksantikvaren sin funksjon som klageinstans. – ”Siste skanse” i vernesaker som gjeld kulturminne av regional eller nasjonal verdi.

Vi støtter utvalet i at det er viktig å styrke samarbeidet mellom ulike departement. Vi vil leggje til at også samarbeidet med Landbruksdepartementet bør styrkast.

Kunnskap, forskning og spreiding av kunnskap (Kap. 11)

Utvalet har anbefalt at kulturvern- fagleg vidareutdanning innan handverk primært vert knytt til høgskolenivået. Etter vår vurdering er det viktig at ein kjem fram til fleksible løysingar når det gjeld slik etter- utdanning, ved at ein tek naudsynt omsyn til ressursar når det gjeld utdanning i det enkelte distrikt, og handverkarane sin leg- ning og haldning. Vi vil sterkt presisere at det også er viktig å styrke det antikvariske bygningsvernet i den handverksmessige grunnutdanninga.

Det er etter vår vurdering viktig at anbefal- inga om at kulturhistoriske omsyn skal reknast med i ei godkjenningsordning for føretak i bygningsbransjen vert praktisert på ein fleksibel og lempeleg måte. God- kjenninga bør i same grad basere seg på utførte referanseprosjekt som på formell utdanning.

Register miljøovervaking (kap 12)

Det er viktig med godt utbygde register, men det er ikkje nok i seg sjølv. Vi har ei rekkje døme på kommunar som har gode register, men som ikkje brukar dei godt

nok. Her er det viktig å få inn rutinar som sikrar kulturminne.

Internasjonalt samarbeid på kulturmin- nefeltet generelt og i utviklingssamar- beid spesielt (kap 13)

Vi har mykje å lære av kvarandre og mei- ner det er viktig å styrke det nordiske sam- arbeid. M.a. er svensk kulturminneforvalt- ing rutinar der forskning i form av analyser av materialet og samanfatning av analyse- resultata går inn som ein del av eit arkeo- logisk utgravingsoppdrag.

TILRÅDING

Fylkeskultursjefen rår kulturutvalet å be fylkesrådmannen legge saka fram for fyl- kesutvalet med slikt framlegg til

v e d t a k:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er viktig å behalde Kultur- minnelova som særlov og å utvikle Plan- og bygningslova i høve til vern av kulturminne.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er viktig å auke ressursane innan kulturminnevernet både med bemanning på regionalt nivå og til til- skot.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det må leggjast auka vekt på formidling av kulturminne.



Arvid Blindheim

Sakshandsamarar:

Bygningsantikvar Christ Allan Sylthe
Kst. fylkeskonservator Bjørn Ringstad
Plankoordinator Siv Aksdal